



Cupkaka får ein siste finish..

**Det går ei bakebylgje over verda som også har slege rot i fjernsynet i Skandinavia. Og no har ho også fått feste i Uskedalen.**

**Karoline Neset (22), student i statsvitenskap i Bergen om vinteren og dagleg leiar av Systrene Nilsen om sommaren, var sist veke i København i eit spesielt oppdrag.**

**Ho deltok i opptaka av ein serie som TV Norge/FEM har kalla Kakekrigen og som skal sendast utpå hausten. Kanalen svarar med det på ein serie som TV3 har hatt suksess med ettersom sjåartalet har lege oppunder 300 000. Den heitte Hele Norge baker.**



...og så er verket fullendt!

- Men trass i tittelen er det vel ikkje blautkakekasting som skjer?
- Slett ikkje, sjølv om det var svært høg temperatur i studioane til Eyeworks Dinamo i meir enn ei meining. Dette er ei seriøs tevling på eit høgare nivå enn eg trudde på førehand. Det gjekk i eitt frå 7 til 17, fortel Caroline som konkluderar med at TV-debuten hennar var gøy men slitsam.

5 nordmenn var aktørar i opptaka i hennar pulje, og 5 nye amatørar skal tevla mot kvarandre i 5 veker. Vekesvinnarane går vidare til ei finaleveke der landets beste hobbybakar vert kåra. Korleis det gjekk må ho halda tett om til serien har gått på lufta.

TV-programmet hadde ho ikkje høyrte om før ei venninne minte henne på det og tykte ho skulle melda seg på som den ddyktige bakar ho er. Etter eit kort telefonintervju vart ho innkalt til audition som ho kom glatt igjennom og så var det klart for opptak. Fridtjof Nilsen er programleiar og i juryen sit konditor Lars Lian og journalist Monica Csango.

Karoline er berar av solide baketradisjonar som uskedeling. I si tid var det 3 bakeri her og både oldefar Odd og bestefar Otto var bakarar. Farmoren har lært henne mykje og ho har alltid likt å baka. Då ho var liten gjekk det mest i julebakst og bollar men no er cupcake og brownies fyrst på produksjonslista. Mora er forresten ein meister til å baka ostekake.

- Har du aldri tenkt på å bli bakar sjølv? - Jau, det har eg faktisk, det er ikkje mindre enn ein draum hos meg å starta bakeri i Uskedalen.  
Men eg vil i alle fall gjera unna skulen fyrst.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen